

Sletta, 15.3.2019

Til: Radøy kommune
v/Ordfører Jon Askeland
5936 MANGER

FRÅ: Venneforeininga ved Vestnorsk Utvandringssenter
v/ Anne-Karin Natås
Bekkjarvikveien 124
5114 TERTNES

SAK: Sister City samarbeidet med Fergus Falls

Viser til dagens telefonsamtale vedrørende Sister City samarbeidet og finansiering av dette.

Slik vi forstår det, låg ansvaret for Sister City samarbeidet opphavleg under Regionrådet i Nordhordland, men at det seinare vart lagt til ein komité, der Atle Ove Marthinussen i Museumssenteret i Hordaland (MuHo) vart vald til leiar. Utfordringa med å vidareutvikla eksisterande og nye tiltak var, etter det vi erfarer, mangel på midlar.

Den historiske bakgrunnen til Vestnorsk utvandringssenter gjer at Venneforeininga ser det som viktig at Sister City samarbeidet, etter ein roleg periode, no vert revitalisert. Vi ber om at Regionrådet, på generelt grunnlag, informerer komiteen om at ein vil sjå positivt på søknader om økonomisk støtte til tiltak innanfor ramma til Sister City samarbeidet.

MuHo og Venneforeininga ved Vestnorsk utvandringssenter ynskjer å få noverande leiar for Sister City samarbeidet med Fergus Falls, Sean Taylor, og ein til to kulturelle bidragsytarar frå området, med i programmet til Utvandringfestivalen 2019 (28.-30.6.). Dersom dette skal kunna realiserast, vert det behov for økonomisk støtte. Årets festival er den siste før ny kommuneordning trer i kraft. Ordførarane for Radøy, Lindås og Meland vil delta i programmet, og med utsendingar frå Fergus Falls vil det verta ei ekstra interessant ramme rundt arrangementet. Utvandringa til Nord-Amerika frå Nordhordland er elles tema for festivalen i år.

Håpar på snarleg positivt svar.

Med vennleg helsing

Venneforeininga ved Vestnorsk Utvandringssenter

Anne-Karin Natås, leiar (sign)

Mobil: 970 33 120